



E39 Svegatjørn–Rådal

# Ulvenvegen stengt ut 2017

NOVEMBER 2015



Det blir meir trafikk i Industrivegen når Ulvenvegen er stengt.

**Fv. 160 Ulvenvegen langs Svegatjørn  
i Os blir stengt til utgangen av 2017  
på grunn av anleggsarbeid på E39  
Svegatjørn-Rådal.**

**Det blir omkjøring for lokaltrafikken  
på kommunevegane Kolskogheiane  
og Industrivegen i den perioden  
Ulvenvegen er stengt.**

Nye E39 gjennom området ved Svegatjørn kjem på tvers av dagens fylkesveg nær Ulven næringspark, og går vidare i tunnel gjennom Skogafjellet til Endalausmarka og Rådal. Dette er ein viktig grunn til at Ulvenvegen blir stengt i anleggsperioden. Dessutan skal massane i vegkroppen på dagens fylkesveg skiftast ut med nye massar. Veglina skal rettast opp i høve til dagens veg. Det blir dessutan bygt gang- og sykkelveg langs den nye Ulvenvegen.

I starten på byggeperioden vil vasspegelen i Svegatjørn bli gradvis tappa ned. Deretter blir slam og lausmassar fjerna. Stein frå driving av Skogafjellstunnelen skal fyllast i magasinet. Her kjem nye E39 i fire køyrefelt, samt kryssområde med lokalvegnettet.



Bygging av ny busslomme i Kolskogheiane.



Industrivegen og Kolskogheiane er blitt forkørsvegar.

## Desse tiltaka er utført

- Os kommune har i samråd med Statens vegvesen utført trafikksikringstiltak på omkjøringsvegen, Kolskogheiane og Industrivegen i 2015.
- Sidan juni 2015 er det etablert forkørsveg i Kolskogheiane og Industrivegen. Dermed har trafikk som kjem frå sidevegane vikeplikt for trafikk på gjennomfartsvegen i området.
- Utvila fortausbredde mellom Meny og krysset til Øvre Varåsen.
- Nye heva gangfelt i krysset med Øvre Varåsen og Kolskogheiane.
- Endra linjeføring i krysset Kolskogheiane-Industrivegen.

- Langsgåande kantlinjeoppmerking i Industrivegen og Kolskogheiane.
- Dessutan har Statens vegvesen bygt ny busslomme i Kolskogheiane, ved Os vidaregående skule.

Det er relativt stor trafikk på Ulvenvegen i dag. Med omkjøring for lokaltrafikken kan det tidvis bli kø i Kolskogheiane og Industrivegen.

### For meir info:

[www.vegvesen.no/Vegprosjekter/e39svegatjornradal](http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/e39svegatjornradal)

Spørsmål til nabokontakt Solveig R. Sløveren, tlf. 948 61 832 eller e-post [E39svegradal@vegvesen.no](mailto:E39svegradal@vegvesen.no)

Trafikkmeldingar på **tlf. 175** eller **www.vegvesen.no**